

Internasjonal politisk plattform

1 Internasjonalisering er ei sjølvfølge i høgare utdanning i Noreg. Kunnskap, kompetanse og
2 erfaringar blir delte på tvers av landegrensene. HVL og STVL anerkjenner den kompetansen,
3 det mangfaldet og dei moglegheitene som finst i å ha inn- og utvekslingsstudentar ved
4 høgskulen vår, og ikkje minst internasjonale tilsette. Difor er det viktig med tydelege mål,
5 retningslinjer og prinsipp for samarbeid slik at høgskulen blir opplevd som ein attraktiv og
6 trygg stad å studera, og at studentar ved høgskulen ønskjer å dra på utveksling.

7 **Solidaritet og akademisk fridom**

8 Høgskulen på Vestlandet skal vera solidariske i si framferd både nasjonalt og internasjonalt. Det
9 inneber å jobba utifrå eit sterkt ønske om å vera ein trygg stad å studera og arbeida for studentar og
10 tilsette som kjem frå krig og kriser, men også gjennom å ha tydelege standpunkt knytt til
11 menneskerettar, gratisprinsipp og akademisk fridom.

12 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 13 ▪ STVL og HVL skal hegna om gratisprinsippet i høgare utdanning, og vera ein pådrivar for at
14 utdanning skal vera gratis også for studentar utanfor EU/EØS-området.
- 15 ▪ Eining for internasjonalisering skal i samband med HVL arbeida for at «Students at Risk» vert
16 utvida, vert gjort permanent, og vert implementert i resten av Norden.
- 17 ▪ HVL skal ikkje samarbeida med aktørar som bidreg til eller gjer folkerettsbrot.
- 18 ▪ STVL skal engasjera seg i prosjekt og kampanjar som fremjar studentsolidaritet.
- 19 ▪ HVL skal etablera etiske retningslinjer for å ta vare på menneskerettar og akademisk fridom
20 ved inngåing og oppfølging av samarbeidsavtalar med eksterne aktørar, både innan- og
21 utanfor Noregs geografiske område.
- 22 ▪ STVL skal arbeida for at HVL støttar opp om ordninga som støttar forskarar og studentar som
23 er under undertrykking, og periodar med krise og krig.
- 24 ▪ STVL skal arbeida for å skapa så trygge rammer som mogleg for alle inn- og
25 utvekslingsstudentar, uavhengig av seksuell orientering eller kjønnsidentitet.

26 **Utveksling**

27 Å reisa på utveksling i eitt eller fleire semester bidreg til å gjera studietida rikare, og gir studentar
28 unike erfaringar og kunnskapar som dei kan ta med seg tilbake att i vidare studie- og arbeidsliv. Det
29 skal opplevast som nyttig, trygt og saumlaust å reisa på utveksling når ein er student ved HVL.

30 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 31 ▪ HVL skal arbeida for at prosessen for søknad og godkjenning ved utveksling vert forenkla, og
32 at studentane skal oppleve det som saumlaust å reisa på utveksling.
- 33 ▪ HVL skal leggja til rette for at studentane som søkjer på utveksling kan velja å gå eit
34 førehandsbestemt utvekslingsløp, med førehandsbestemte og -godkjende emna som sikrar
35 at studentane får studiepoeng innanfor riktig fagområde.
- 36 ▪ STVL skal vera ein pådrivar for at HVL inngår fleire samarbeidsavtalar med utanlandske
37 institusjonar.
- 38 ▪ HVL skal tilby opplæring av ambassadørar til å fremja institusjonen internasjonalt.
- 39 ▪ HVL skal arbeida for ein makrobalanse på kor mange studentar dei totalt sender ut, relativt
40 til kor mange dei tek inn.
- 41 ▪ Utvekslingsstudentar skal få tilstrekkeleg tilrettelegging for å få arbeidsvisum så lenge
42 studenten kan visa til aktiv studentstatus og progresjon.

- 43 ▪ HVL skal gjennomføra eit orienteringsseminar om utveksling for alle institutt, i god tid før
44 søknadsfrist for utveksling.
45 ▪ HVL skal dekkja utreise og heimreise i høve utveksling, når reisa går føre seg med buss eller
46 tog.
47 ▪ HVL skal samla erfaringskriv frå tidlegare utvekslingsstudentar og gjera dei tilgjengeleg for
48 framtidige utvekslingsstudentar.

49 **Integrering og internasjonal studentmedverknad**

50 Internasjonale studentar ved HVL skal kjenna seg trygge i møte med høgskulen, og oppleva at dei blir
51 inkluderte og er ein ressurs i både studiar, studentdemokrati og studentlivet elles.

52 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 53 ▪ HVL bør etablere eit lokallag i samarbeid med Internasjonal Student Union.
54 ▪ STVL i samarbeid med HVL skal leggja til rette for deltaking frå internasjonale studentar i
55 demokratiske prosessar og organ, kvalitetssikring og studieutvikling.
56 ▪ Studentcampusrådet skal brukast aktivt for å inkludera internasjonale studentar i
57 studentdemokratiet
58 ▪ HVL skal tilby støtte i form av omsetjing ved behov.
59 ▪ Alle studentar skal kunna påverke HVL gjennom STVL, og må difor leggja til rette for at
60 internasjonale studentar og forskarar kan ta del i råd og utval.
61 ▪ Fadderstyra ved HVL skal arbeida for at internasjonale studentar vert inkluderte i den norske
62 studiestarten.
63 ▪ HVL skal leggja til rette for at flyktningar som kjem til Noreg vert inkludert i det akademiske
64 miljøet.
65 ▪ STVL skal ta ei aktiv rolle i integrering av internasjonale studentar.

66 **Informasjon og parallellspråkbruk**

67 God informasjonsflyt og tydeleg kommunikasjon står heilt sentralt i korleis høgskulen skal møte både
68 utvekslingsstudentar og innvekslingsstudentar. Høgskulen må formidla informasjon om utveksling på
69 ein lettforståeleg måte for studentane, og bidra til at internasjonale kan gjera seg forståtte på
70 høgskulen. Bruken av engelsk må i denne samanhengen sjåast på som eit viktig verktøy for
71 inkludering av internasjonale studentar ved høgskulen.

72 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 73 ▪ HVL skal nytta fleire symbol i formidling, og anvende elektroniske tavler.
74 ▪ HVL skal oppdatera malar for å auka formidlinga på engelsk.
75 ▪ HVL skal tilby gratis nivåtilpassa norskkurs til alle internasjonale studentar og tilsette.
76 ▪ Eining for internasjonalisering skal utarbeida retningslinjer for informasjon på engelsk.
77 ▪ STVL skal omsetja strategiske dokument til engelsk, slik at dei er tilgjengelege for
78 internasjonale studentar og tilsette.
79 ▪ Eining for internasjonalisering skal arbeida for at studentane vert merksame på
80 moglegheitene som eksisterer innanfor utveksling og Erasmus+.
81 ▪ HVL skal leggja førelesingar knytt til bachelor- og masteroppgåver utanom
82 utvekslingsperioden.